


Lom kommune

Årsmelding 2009 frå Lom kommune



Gjestfritt og nyskapande

Innhaldet i årsmelding 2009:

Innleiing	3
Ordføraren sine kommentarar	6
Administrasjonssjefen si vurdering	7
Politisk organisering og saker	8
Personal og organisasjon	9
Økonomisk oversyn	11
Oversikt frå tenesteområda:	16
Notar til rekneskapen	50
Revisjonsmelding	71

Årsmelding 2009

Lom kommune

Lom kommune

Midtgard

2686 Lom

Telefon: 6121 7300

Faks: 6121 7301

Epost: post@lom.kommune.no

<http://www.lom.kommune.no>

1 Innleiing	3	Notar til rekneskapen	50
1.1 Nokre fakta om Lom	3	Note 1 Prinsipp for rekneskapen	50
1.2 Om året 2009	3	Note 2 Endring i arbeidskapital	51
1.3 Hendingar og utviklingstrekk i 2009	4	Note 3 Pensjon	51
2 Leiarane om året 2009	6	Note 4 Garantiansvaret til kommunen	53
2.1 Gå i flokk	6	Note 5 Aksjar og andelar i varig eige	53
2.2 Administrasjonssjefen si vurdering	7	Note 6 Avsetning og bruk av fond	53
3 Politisk organisering og saker	8	Note 7 Kapitalkonto	54
3.1 Saker og utval	8	Note 8 Interkommunalt samarbeid	55
3.2 Endringar i Kommunestyret og Formannskapet	8	Note 9 Spesifikasjon av vesentlege postar	55
3.3 Budsjettutvalet	8	Note 10 Spesifikasjon av vesentlege transaksjonar	55
3.4 Saksutval for pleie og omsorg	8	Note 11 Anleggsmidlar (eigedomar og utstyr)	55
4 Personal og organisasjon	9	Note 12 Finansiering av prosjekt i investeringsrekneskapen	56
4.1 Endringar i administrativ organisering i 2009	9	Note 13 Lånegjeld pr. 31.12.2009	60
4.2 Tilsette	9	Note 14 Langsiktig gjeld	61
4.3 Seniorpolitisk plan	9	Note 15 Meir- eller mindreforbruk	61
4.4 Sjukefråvær	9	Note 16 Spesifikasjon av vesentlege forpliktingar	62
4.5 Likestilling	10	Note 17 Tilhøve ved slutten av rekneskapsåret	62
4.6 Verneombod og tillitsvalde i fagorganisasjonane	10	Note 18 Konto for skattetrekk	62
5 Økonomisk oversyn	11	Note 19 Kyrkjeleg råd - økonomiske tilhøve	62
5.1 Økonomi	11	Note 20 Årsverk og løn og godtgjersle	63
5.2 Balansert målstyring	15	Note 21 Tap og tapsavsetningar for kommunale krav	63
5.3 Det totale målekartet for Lom kommune	15	Note 24 Avviksforklaring	64
6 Oversikt frå tenesteområda	16	Note 22 Netto driftsresultat	64
6.1 Oversikt frå Staben til administrasjonssjefen	16	Note 23 Tiltakspakka til regjeringa	64
6.2 Oversikt frå Støttefunksjonen	19	Note 25 Sjølvkostområde	66
6.3 Oversikt frå Loar skule	23	Note 26 Disposisjonsfondet	66
6.4 Oversikt frå Garmo oppvekstsenter	26	Note 27 Kraftfondet	68
6.5 Oversikt frå Lom ungdomsskule	29	Note 28 Heimfallsfondet	69
6.6 Oversikt frå Loar barnehage	32	Note 29 Kapitalfondet	70
6.7 Oversikt frå Miljø, teknisk og næring	35	Revisjonsmelding	71
6.8 Oversikt frå Helse og velferd	39		
6.9 Oversikt frå Institusjonsbasert omsorg	44		
6.10 Oversikt frå Heimebasert omsorg	47		

1 Innleiing

1.1 Nokre fakta om Lom

Midt i Ottadalen ligg fjellbygda Lom. Dei høgaste fjelltoppane i Noreg finn du her, og meir enn halvparten av Jotunheimen nasjonalpark ligg i Lom. Kommunesenteret Fossbergom er eit moderne bygdesenter der dei fleste har sitt arbeid i reiseliv, handel og tenesteyting. Kultur og miljø vert teke vare på, og ein set si ære i å kunne tilby tradisjonsrike produkt.


Fossbergom står fram som ein tettstad med særpreg, og politikarane i Lom har heile tida lagt stor vekt på byggeskikk og lokale tradisjonar. Lom Stavkyrkje frå ellevehundretalet er ei av dei vakraste stavkyrkjene i landet. Mange tusen turistar er

innom i løpet av året, og samstundes er kyrkja i bruk som hovudkyrkje.


Jord- og skogbruk er største enkeltnæringa i Lom. Høve til hausting av utmarksressursar ved beiting og setring er avgjerande for dei jamnt over små gardane. Gardsturisme er eit nytt satsingsområde – nokre driv overnattingsverksemd – andre satsar på ny bruk av setrene.

Lom har eit areal på 1 945 km² - og til 2 410 innbyggjarar (31.12.2009) er det god plass! Meir enn 90% av arealet er høgfell over 900 m.o.h., 1% er dyrka jord og 4% er produktiv skog.

Fordeling av arealet i Lom



Folketalet ved utgangen av året frå 2004 til 2009



1.2 Om året 2009

Her er nokre utdrag frå administrasjonssjefen si vurdering av året 2009.


Du kan lese heile vurderinga på side 7.

- ”Det økonomiske resultatet i Lom kommune er tilfredsstillande. På nytt går det klart fram at kommunen legg stor del av inntektene i drift. Dette kjem klarast til uttrykk ved eit negativt brutto driftsresultat og positivt netto driftsresultat.”

- ”Situasjonen i Lom kommune i dag er at vi brukar større økonomiske ressursar på dei fleste tenestene enn kommunar det er naturleg å samanlikne seg med.”

- ”Kommunen blir og utfordra på nye samfunnsoppgåver som følgje av klare utviklingstrekk. Ei av dei definitivt største utfordringane våre er knytt til den såkalla eldrebølga. Grunnlaget for å møte denne blir forventa lagt i samhandlingsreformen. For Lom kommune sitt vedkomande blir denne forventa å gje utslag frå om lag 2020. Vi har tilsynelatande bra med tid fram til det, men må planlegge godt for å møte dette.”

Utvikling i eigenkapitalprosent



1.2.1 Nokre sentrale tal frå driftsrekneskapan

Utvikling av driftsresultat frå 2005 til 2009: (tal i tusen kroner)

	2005	2006	2007	2008	2009
Sum driftsinntekter	133 672	150 050	156 525	161 836	177 075
Sum driftsutgifter	135 691	150 779	153 860	168 850	181 225
Brutto driftsresultat	-2 019	-729	2 666	-7 015	-4 150
Reultat eksterne finanstransaksjonar	3 347	5 195	1 906	4 098	3 210
Motpost avskrivningar	4 809	6 865	7 468	8 012	8 299
Netto driftsresultat	6 139	11 331	12 040	5 095	7 359

1.3 Hendingar og utviklingstrekk i 2009

1.3.1 Hamsunjubileet prega 2009

150-årsminnet for fødselen til forfattere Knut Hamsun vart markert i Lom og Vågå frå 31. juli til 8. august 2009. Nobelprisvinnaren vart feira m.a. gjennom konsertar, teater, litteraturseminar, kunstutstillingar, kulturvandringar og avdukinga av Hamsun-statuen på Skultbakken.

Spektakulær framsyning på Sognefjellet

Den offisielle opninga av jubileet var framsyninga på Sognefjellet 1. august av "Å Isak! Hamsun på tvers av tida". Under regi av Kjersti Horn framførte Ane Dahl Torp, Liv Bernhoft Osa, Marit Østbye og

35 lokale aktørar ein tekstleg og musikalsk refleksjon over Markens Grøde og Hamsun. 600 tilskodarar fann vegen opp på fjellet den dagen, og naturen viste seg frå si aller beste side.

Utstillingar

Det var fleire utstillingar i Lom og Vågå i samband med jubileet. Her kan vi nemne utstillinga til den kjende målarer og Hamsun-tolkaren Karl Erik Harr. Han hadde ei godt

besøkt utstilling i Steinfjøset i Lom kor han presenterte teikningar og mange nye måleri inspirert av Hamsun sin diktning.

Avduking av Skule Waksvik sin statue av den eldre Hamsun

2. august vart Skule Waksvik sin statue av den eldre Hamsun avduka på Skultbakken i Vågå, ei hending mange var nyfikne på. I forkant var det konsert med gruppa "Vandrerne", fingermat ved Arne Brimi og foredrag ved

Ivar Teigum. Det vart ein dag både vertskap og arrangørar kan sjå attende på med glede. Det var godt besøk, sol og strålende vær og heile dagen vart avslutta med ei vandring frå Skultbakken til Garmostrødet.

Fødselsdagen 4. august vart markert i Garmo

Sjølve fødselsdagen, 4. august, vart minna med ei kyrkjeleg markering på gamle Garmo kyrkjegard, kransnedlegging og tale ved

Hamsun-bautaen på Garmostrødet, før det heile vart avslutta med konsert på Uppigard Garmo.

Litteraturseminar


Deltakarane på seminaret på Loar skule kom med gode attendemeldingar. Det vart tankar

om Hamsun både frå eit lokalhistorisk, norsk, kinesisk og russisk perspektiv.

Avslutning i Presthaugen

5. august vart "Diktarplagar – På gjengrodde stier" urframført i Presthaugen i Lom. Heile hamsunjubileet i Lom og Vågå vart avslutta med konsert med gruppa "Vamp" i Presthaugen 8. august.

Det vart selt om lag 1 600 billetter til 15 arrangement, i tillegg til godt besøk på alle kunstutstillingane og gratisarrangementa.



1.3.2 Vellukka nettsatsing

Seks stjerner til den nye nettstaden vår

Lom kommune lanserte nye nettsider 13. oktober i år. I den årlege undersøkinga av kvalitet på offentlege nettstader fekk vi seks stjerner av seks moglege. Totalt kom vi på åttande plass av 684 undersøkte nettstader, og vi vart best i Oppland.

Vi la ned mykje arbeid i å utforme nettsidene slik at dei skulle vera tilgjengelege for alle. Vi er difor godt nøgde med at vi i den viktigaste kategorien (tilgjengelegheit) fekk 30 av 31 poeng. Totalt oppnådde vi 87 av 99 moglege poeng (88%).



Nettprat - Raske spørsmål og raske svar

Du kan koma i kontakt med oss på mange forskjellige vis. Vi har døgnopne sentralbord, vi er tilgjengelege på e-post, og du kan sjølvsagt også koma innom kommunen.

Med lanseringa av nye heimesider kan du no også ta kontakt med oss ved hjelp av **nettprat**.

Løysinga passar best for konkrete spørsmål. Om du ønskjer det, kan du få tilsendt ein kopi av dialogen på e-post.

Servicetorget er tilgjengeleg for nettprat i opningstida. Ordførar Simen Bjørgen er og tilgjengeleg når han har moglegheit for det.



Prøv nettprat neste gang du er innom nettsida!

Sjå også innom www.lom.no



På <http://www.lom.no> finn du m.a.:

- informasjon om Lom, attraksjonar og bygda
- lag, organisasjonar, aktivitetar og arrangement
- prosjektet "Liv i Lom" og nasjonalparklandsbyen.

Undervegs i arbeidet med nye heimesider var det eit viktig mål å få til ein oversiktleg nettstad med det aller viktigaste innhaldet lett tilgjengeleg.

Den 13. oktober var lanseringsdato. På kommunenettstaden er det tilgang til elektroniske skjema, og du finn informasjon om kommunale tenester, politikk og saker,

organiseringa i kommunen og aktuelle nyheiter.

Samstundes med den nye kommune-nettstaden lanserte vi også nettstaden

<http://www.lom.no>.

Her har vi "plassert alt det andre" som er viktig, men som ikkje direkte er ein del av kjerneverksemda.

2 Leiarane om året 2009

2.1 Gå i flokk

Bandet Hellbillies frå Ål i Hallingdal har ved fleire høve hatt konsertar i Lom. Det er ein spesiell song som eg tykkjer kan høve godt som illustrasjon for mitt innlegg til årsmeldinga for 2009. Songen heiter gode spørsmål.

Det andre verset er slik:

Dei fleste dei følger ei bjelleku

Hvis andre går fysts, blir det mindre styr.

Då slepp du tenke og passe på,

bjella fortel kor du no må gå.

So kan du rangle med der dei andre gå te, og la det skje.

Går det gale er det ingen som ser på deg.

Lom er ein kommune som tørr gå nye vegar. Vi går ikkje nødvendigvis etter bjøllekua. Eller der andre har gått før, for den saks skuld. Visjonen gjestfri og nyskapande legg til rette for at vi kan ta utradisjonelle grep. Og det gjer vi. Ein kan trekkje mange saker som dokumenterer denne gjestfrie og nyskapande visjonen. Mange av dei nye tiltaka, som Klimapark 2469 og Lom som nasjonalparklandsby, har også brei støtte i befolkinga.

Det same gjeld dei nye grep som vi har lagt til rette for i tenesteutviklinga. Fylkesmannen sin fornyingspris er eit prov på at dette ikkje er prat, men også noko som materialiserer seg i konkret handling.

Men det er klart det hadde vore meir lettvint å gå etter andre. På merka veg. Det hadde likevel ikkje vore like utfordrande og interessant. Difor merkar eg at visjonen og dei konkrete tiltaka den utleier får større og større oppslutnad både i kommunal organisasjon og i lokalsamfunnet elles. Eg vonar den vil stå som ei leiestjerne også framover.


For det er ikkje sikkert at det beste er at alt skal vere som det har vore før.

Sjølve årsmeldinga som du no held i hendene, er også eit utslag av dette. Sjølv om det ikkje er nytt av året, er det framleis slik at vi måler tenestene kommunen yter med fleire indikatorar enn berre kroner og øre. Vi set konkrete mål for kvart einskild område og måler resultatane mellom anna gjennom aktiv bruk av brukar- og medarbeidarundersøkingar. Det blir nokre skjema å fylle ut, men vi er heilt avhengige av ærlege og utfyllande attendemeldingar for å kunne utvikla oss vidare.

Dette kan du lese meir om i årsmeldinga under dei ulike tenesteområda.

Eg er særst stolt over alle tilsette i kommunen, som ikkje berre legg ned ein stor innsats på sin arbeidsplass, men som også er framifrå ambassadørar for bygda og regionen. Det same gjeld alle politikarane. Ein kjenner ei stor takksemnd for å vere bidragsytar på eit slikt lag.

I det eg ser fram til nye utfordringar i 2010, vil eg avslutningsvis takke alle for godt samarbeid i 2009.



Simen Bjørgen
ordfører



Ordfører Simen Bjørgen

2.2 Administrasjonssjefen si vurdering

Det økonomiske resultatet i Lom kommune er tilfredsstillende. På nytt går det klart fram at kommunen legg stor del av inntektene i drift. Dette kjem klarast til uttrykk ved eit negativt brutto driftsresultat og positivt netto driftsresultat. Dette understrekar ei klar utfordring for å halde fram effektivisering av drift for å skape grunnlag for satsing på nye driftsoppgåver og ikkje minst investerings-tiltak. Situasjonen i Lom kommune i dag er at vi brukar større økonomiske ressursar på dei fleste tenestene enn kommunar det er naturleg å samanlikne seg med. Det er derfor positivt å registrere at lånegjelda utanom pensjonsforpliktingar er redusert. Årsaka til dette er m.a. små investeringar i året.

Dialog og tilgjenge

Eg er glad for attendemeldinga vi har fått på ny heimesideløysing. Det er gjort eit godt arbeid på tvers i organisasjonen vår for å få til dette. Eg vil spesielt nemne høgda samhandlingsmoglegheit ved bruk av nettpat. Dette er ei utvikling vi må vera budde på vil halde fram ved at såkalla sosiale media vil utvikle seg vidare. Ikkje minst er dette viktig for å tilfredsstille forventningar frå nye og framtidige lomverar! Målet er at kommunen skal vera tilgjengeleg, og vera med der det skjer.

Svineinfluensa

Året var og prega av svineinfluensaepidemien. Dette er eit døme på ei stor oppgåve som kommunen blir pålagt å gjennomføre på stutt varsel utan at det har vore rom for forebuing. Kommunen har løyst denne utfordringa på ein svært god måte. Ikkje minst takka dei tilsette innan tenesteområdet som har vore avgjerande for dette. Erfaringa vi sit att med, vil vera nyttig for å møte liknande oppgåver som vil koma.

Omstillingsevne og endringskompetanse

Endringskompetanse er eitt av tre satsingsområde i kommuneplanen vår. Det å endre seg sjølv og etablert praksis er svært utfordrande. Ikkje minst gjeld dette i eit partssamansett og regulert område som kommunesektoren. Etter mitt syn har Lom kommune gjort mykje godt endringsarbeid dei siste åra. Dette med ei von om og tru på at vi og vil vera utviklingsorienterte framover i tid.

Året vart nytta til å etablere ny administrativ organisering. Det var skule og barnehage

som vart endra som følge av den organisasjonsgjennomgangen som vart gjort. Endringa har ført til tydelegare rolledeling og er eit forbetra grunnlag for felles utvikling av eit viktig område for skuleeigar og utøvande nivå.

Som nemnt har vi høg økonomisk ressursbruk på dei fleste tenesteområda. Dette skapar høge forventningar frå tenestemottakarane. Det er derfor krevjande å få forståing for redusert ressursbruk på enkelttenester der brukarar ikkje lenger får same oppfølging som tidlegare. Dette er dessverre ein konsekvens av redusert økonomisk handlefridom i kommuneøkonomien. Både folkevalde, tilsette og tenestemottakarar må vera budde på dette og i framtida. Vi kan ikkje alltid gjera det som vi har gjort!

Kommunen blir og utfordra på nye samfunnsoppgåver som følge av klare utviklingstrekk. Ei av dei definitivt største utfordringane våre er knytt til den såkalla eldrebølga. Grunnlaget for å møte denne blir forventa lagt i samhandlingsreformen. For Lom kommune sitt vedkomande blir denne venta å gje utslag frå om lag 2020. Vi har tilsynelatande bra med tid fram til det, men må planlegge godt for å møte dette.

Tilsette

Vi kan på nytt dokumentere at Lom er ein god stad å bu. Dei tilsette i kommunen er avgjerande faktor for å få til dette. Dei grunnleggjande og ”bulystdannande leveransene” vi står for, er grunnleggjande element for å møte konkurransen om å lykkast som framtidskommune.

Sjukefråveret har gått litt opp i 2009.

Ikkje urovekkjande høgt, men likevel ein tendens. Noko av dette kan skuldast svineinfluensa og høg fokus på den. Likevel ser vi at langtidsfråver aukar mest. Det er derfor viktig at kommunen legg til rette for medarbeidarutvikling og trivsel på arbeidsplassen for å forebygge fråver.


Eg nyttar høvet til å takke gode medarbeidarar og folkevalde for innsatsen også i 2009!



Administrasjonssjef Ola Helstad



Ola Helstad
administrasjonssjef



Politisk organisering
i Lom kommune

Formannskapet i Lom,
ordfører og varaordfører



Simen Bjørgen (Sp),
ordfører



Mai Bakken (Bygdalista),
varaordfører

3 Politisk organisering og saker

3.1 Saker og utval

Utval	2008		2009	
	Møte	Saker	Møte	Saker
Kommunestyret	10	69	9	61
Formannskapet	21	173	24	127
Administrasjonsutvalet	5	6		6
Tilsettingsutvalet	8	46		45

Budsjettutvalet for 2008 har hatt slik samansetting:

3.2 Endringer i Kommunestyret og Formannskapet

Håkon Kolden var fast medlem av formannskapet og var vald som varaordfører. Han flytta frå kommunen, og kommunestyret valde i møte den 4. mar 2009 Mai Bakken (Bl) som ny varaordfører.

Odd Arne Kroken (Sp) vart nytt fast medlem i formannskapet, og Kristin Øyjordet (Sp) vart nytt fast medlem i kommunestyret.



Håkon Kolden (Sp), varaordfører til 4. mars 2009

3.3 Budsjettutvalet

Budsjettutvalet 2009 hadde 5 medlemmer:

Torbjørgh Graffer Myrhaug SP
Beate Stø SP
Odd Arne Kroken SP
Anne-Lise Marstein AP
Magny Hilde B

Varamedlemmer:

Ola Magnar Hoft SP
Norvald Hellekveen AP
Per Bådshaug B

3.4 Saksutval for pleie og omsorg

Saksutval for pleie- og omsorg har følgjande medlemmer: Anne-Lise Marstein (Ap), Per Bådshaug (Bl.), Beate Stø (Sp), Kristin Øyjordet (Sp) og Ottar Dalen (Sp) er medlemmar i utvalet. Det er Beate Stø som leier saksutvalet, medan Anne Lise Marstein er nestleiar.

Utvalet har som mandat å utarbeide forslag til ein pleie- og omsorgsplan, som skal ta utgangspunkt i Stortingsmelding 25 – Omsorgsplan 2015 – ”Mestring, muligheter og mening”, statlege føringar, samt kommuneplan Lom 2020.

Utvalet held fram med arbeidet sitt i påvente av den varsla Samhandlingsreforma.

Dei øvrige medlemmane i Formannskapet



Johanne Hellebergschaugen (Sp)



Anne-Lise Marstein (Ap)



Odd Arne Kroken (Sp)

4 Personal og organisasjon

4.1 Endringar i administrativ organisering i 2009

- Dei tidlegare tenesteområda ungdomsskule og Loar barnehage alle er Institusjonsbasert omsorg og Heimebasert omsorg vart i kommunestyremøte 4. mars 2009 slått saman til eitt område, Pleie og omsorg. I kapittel 6 (Oversikt frå tenesteområda) er dette tenesteområdet presentert etter gamal organisering.
- Frå 1. august 2009 er tenesteområda Skule og Barnehage delte opp slik at Loar skule, Garmo oppvekstsenter, Lom ungdomsskule og Loar barnehage alle er eigne tenesteområde.

Administrasjonen i Lom kommune er, etter endringane i løpet av 2009, delt inn i åtte tenesteområde med ein tenesteleiar for kvart område. I tillegg kjem staben til administrasjonssjefen. Øvste administrative leiar er administrasjonssjef Ola Helstad.

4.2 Tilsette

27 personar fekk fast tilsetjing eller overgang til andre jobbar i 2009.

Fire tilsette fekk klokke for 25 års teneste for Lom kommune.

15 personar avslutta arbeidsforholdet i 2009.

Statistikk tilsette pr. 12.12.2009

	2007	2008	2009
Talet på fast tilsette	263	289	273

4.3 Seniorpolitisk plan

Arbeidsmiljø og trivsel for dei tilsette står i fokus, alle, utan omsyn til alder, er like viktige. For å legge til rette for dette vart det frå juni 2007 vedteke ein seniorpolitisk plan.

nærare avtale. Målet er at denne gruppa skal føle at dei vert verdsette og at det vert lagt til rette for at dei skal stå lenger i arbeid.

Aldersgruppa frå 62 til og med 64 år får høve til å velje "seniorløn" eller å ta ut fridagar etter

I 2009 hadde Lom kommune 8 seniorar kor 5 valde å stå i arbeid etter fylte 62 år. Av desse var 2 menn og 3 kvinner.

Statistikk alder på tilsette

	2007	2008	2009
Gjennomsnittleg alder	46,1	45,7	45,2

4.4 Sjukefråvær


Avtalen om inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen) held fram, og vi har eit omfattande samarbeid med NAV.

arbeidsgjevar har vi lite kontroll over langtidsfråværet. Vi har kontakt med alle dei sjukmeldte, og jobbar aktivt for å legge til rette slik at dei kan kome attende i same jobb, eller eventuelt til anna arbeid i kommunen.

Det er meir sjukefråvær i 2009 enn i 2008 sjølv om kortidsfråværet er redusert. Som

Statistikk sjukefråvær

	2006	2007	2008	2009
Lengde på fråvær				
1 - 16 dagar	2,7%	2,7%	2,3%	1,8%
17 - 40 dagar	1,5%	1,7%	1,1%	1,1%
41 dagar +	1,8%	2,8%	3,1%	4,5%
Totalt	6,0%	7,2%	6,5%	7,4%



Den administrative organiseringa frå og med 1. august 2009.

4.5 Likestilling

Det er mange yrkesgrupper, og alle er like viktige for at Lom kommune skal vere den serviceverksemda vi gjerne vil vere.

Oversikten syner at gruppa med ufaglærte er stor. Det vert heile tida jobba for at desse skal få den fagopplæringa som trengst for at dei skal kunne gje ei god teneste.

Alt i 1999 gjorde Lom kommune vedtak om at alle som tok fagutdanning, skal få stilling og løn som fagarbeidar. Dette er med på å stimulere til kompetanseheving. Eit aktivt samarbeid med OPUS på Otta gjer at fleire av dei tilsette er under utdanning.

Vi arbeider aktivt for å redusere bruken av deltidstillingar og for å auke stillingsprosenten for tilsette i deltid.

Av dei faste tilsette i Lom kommune i 2009 er 19% menn og 81% kvinner. Gjennomsnittsalder på desse er for menn

47,8 år og for kvinner 46,4 år. Når det gjeld likeløn, har menn gjennomsnittleg høgare løn enn kvinner. Dette kan grunnleggjast i at ein stor del av desse arbeidar innan pleie og omsorg kor det er fleire ufaglærte enn i andre tenesteområde. Det er ein mindre skilnad på løn mellom menn og kvinner på dei som ikkje arbeider i fulle stillingar. Gjennomsnittsalderen på dei i reduserte stillingar er 46,4 for kvinner og 45,5 for menn. I reduserte stillingar er 85 % kvinner og 15% menn.

Det har vore arbeidd aktivt for å redusere deltidstillingar. Etter utløpet av 2009 er det få av dei som ynskjer utvida stilling som ikkje har fått sitt ynskje oppfylt. Vi har framleis fokus på dette arbeidet, men ser at der det skal setjast opp turnusar, er dette ei stor utfordring.

I statistikken over fråvær grunna barn eller barnepassar sin sjukdom får vi fram følgjande: Foreldrefråværet er delt i at menn var heime med sjuke born i 9% av tilfella, medan kvinnene var heime i 91% av tilfella.

4.6 Verneombod og tillitsvalde i fagorganisasjonane

Tillitsvalde og verneombod er viktige ressursar for Lom kommune. Vi har lagt opp til ein fast møteplan med dei tillitsvalde.

Fagforbundet, Utdanningsforbundet, Delta og Sjukepleiarforbundet er dei største fagforeiningane.


5 Økonomisk oversyn


5.1 Økonomi

5.1.1 Driftsrekneskapen

	Notar	2009		2008
		Rekneskap	Justert budsjett	Rekneskap
Driftsinntekter:	9, 10, 24, 25			
Brukarbetaling		7 689 898	7 039 550	6 749 530
Andre sals- og leigeinntekter		31 878 911	30 697 000	27 359 891
Overføringer med krav til motyting		29 118 210	22 422 335	31 780 377
Rametilskot	23	51 343 755	55 253 000	48 639 941
Andre statlege overføringer		4 843 638	4 453 162	1 890 893
Andre overføringer		1 759 288	1 484 600	3 169 766
Skatt på inntekt og formue		40 257 619	37 724 000	34 223 732
Eigedomsskatt		3 860 724	2 873 800	2 188 938
Andre direkte og indirekte skattar		6 322 779	3 500 000	5 832 494
Sum driftsinntekter		177 074 823	165 447 447	161 835 561
Driftsutgifter:	9, 10, 23, 24, 25			
Lønsutgifter	20	99 847 195	94 711 374	93 493 410
Sosiale utgifter	3	22 685 772	23 424 381	19 501 538
Kjøp av varer og tenester som går inn i tenesteproduksjonen		27 360 243	26 566 601	26 219 801
Kjøp av varer og tenester som erstattar tenesteproduksjonen		11 732 310	11 618 729	10 586 151
Overføringer	8, 19	11 312 309	11 336 091	11 037 487
Avskrivningar		8 298 878	8 011 921	8 011 922
Fordelte utgifter		-11 548	-46 500	0
Sum driftsutgifter		181 225 159	175 622 597	168 850 309
Brutto driftsresultat		-4 150 336	-10 175 150	-7 014 749
Finansinntekter:				
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak		14 650 189	15 229 000	17 276 049
Mottekne avdrag på utlån		140 558	120 000	1 110 172
Sum eksterne finansinntekter		14 790 747	15 349 000	18 386 221
Finansutgifter:				
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	13	4 553 002	5 582 300	7 366 343
Avdragsutgifter	13	6 843 052	6 830 700	6 837 219
Utlån		184 577	110 000	84 489
Sum eksterne finansutgifter		11 580 631	12 523 000	14 288 051
Resultat eksterne finanstransaksjonar		3 210 116	2 826 000	4 098 170
Motpost avskrivningar		8 298 878	8 011 921	8 011 922
Netto driftsresultat	22	7 358 658	662 771	5 095 343
Interne finanstransaksjonar				
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk		5 199 853	5 199 853	7 896 786
Bruk av disposisjonsfond	6	1 811 030	1 585 525	6 387 936
Bruk av bundne fond	6	3 559 661	5 609 406	5 327 776
Bruk av likviditetsreserve	6	0	0	0
Sum bruk av avsetningar		10 570 544	12 394 784	19 612 498
Overført til investeringsrekneskapen	12	1 814 200	3 114 086	3 909 114
Dekning av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk		0	0	0
Avsetningar til disposisjonsfond	6	5 962 810	5 359 469	8 463 082
Avsetningar til bundne fond	6	6 673 542	4 584 000	7 135 792
Avsetningar til likviditetsreserven	6	0	0	0
Sum avsetningar		14 450 552	13 057 555	19 507 988
Rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk	15	3 478 651	0	5 199 853

Utvikling i brutto driftsresultat 2005-2009



Utvikling i netto
driftsresultat 2005-2009


Utvikling av driftsresultat frå 2005 til 2009: (tal i tusen kroner)

	2005	2006	2007	2008	2009
Sum driftsinntekter	133 672	150 050	156 525	161 836	177 075
Sum driftsutgifter	135 691	150 779	153 860	168 850	181 225
Brutto driftsresultat	-2 019	-729	2 666	-7 015	-4 150
Resultat eksterne finanstransaksjonar	3 347	5 195	1 906	4 098	3 210
Motpost avskrivningar	4 809	6 865	7 468	8 012	8 299
Netto driftsresultat	6 139	11 331	12 040	5 095	7 359

5.1.2 Balanserekneskapen

	Notar	2009	2008
Eigendelar:			
Anleggsmidler		442 093 366	450 590 937
Av dette:			
Faste eigedommar og anlegg	11	237 195 426	241 442 894
Utstyr, maskinar og transportmiddel	11	3 725 439	3 691 114
Utlån		43 643 006	42 773 976
Aksjar og andeler	4, 5	7 742 482	7 422 501
Pensjonsmidlar	3	149 787 012	155 260 451
Omløpsmidlar	2	96 680 834	91 706 566
Av dette:			
Kortsiktige fordringar	21	15 996 652	17 656 769
Premiavvik		1 558 338	3 573 551
Aksjar og andeler		0	0
Sertifikat		0	0
Obligasjonar		0	0
Kasse, postgiro, bankinnskot	18	79 125 843	70 476 246
Sum eigendelar		538 774 199	542 297 502
Eigenkapital og gjeld			
Eigenkapital		196 043 665	204 944 502
Av dette:			
Disposisjonsfond	6, 26	24 907 771	20 860 867
Bundne driftsfond	6	24 005 469	20 891 587
Ubundne investeringsfond	6	8 565 712	10 148 812
Bundne investeringsfond	6, 27, 28, 29	4 261 438	4 278 685
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK Drift		-2 910 801	-2 910 801
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK Invest		-369 896	-369 896
Rekneskapsmessig mindreforbruk	15	3 478 651	5 199 853
Rekneskapsmessig meirforbruk	15	0	0
Udisponert i investeringsrekneskap		0	0
Udekket i investeringsrekneskap		-106 869	0
Likviditetsreserve		0	0
Kapitalkonto	7	134 212 191	146 845 395
Langsiktig gjeld	14	314 484 177	310 374 519
Av dette:			
Pensjonsforpliktingar	3	196 532 843	187 026 201
Ihendehavarobligasjonslån		0	0
Sertifikatlån		0	0
Andre lån	13, 14	117 951 334	123 348 318
Kortsiktig gjeld	2	28 246 358	26 978 482
Av dette:			
Kassakredittlån		0	0
Anna kortsiktig gjeld		28 246 358	26 978 482
Premieavvik		0	0
Sum eigenkapital og gjeld		538 774 199	542 297 502

5.1.3 Investeringsrekneskapen

	Fast eiendom:	Utstyr:
Edb-utstyr Regiondata		311 680,76
Edb-utstyr programvare med meire		340 953,25
Skule, vollyballbane	110 431,00	
Loar barnehage	460 286,53	
Lom helseheim	631 092,00	150 380,50
Utleigebygg (Gjeisar)	1 498 220,00	
Utleigebygg (garasje ambulanse)	71 530,40	
Samfunnshuset	212 032,40	
Vaktsentralen, strømaggregat		133 875,00
Fossbergom reinseanlegg	73 447,21	
Miljøstasjonen	251 566,89	
Heimesjukepleie-garasje	517 032,50	
Delsummar	3 825 638,93	936 889,51
Totalsum	4 762 528,44	

5.1.4 Finansieringsanalyse

	2009		Rekneskap 2008
	Rekneskap	Justert budsjett	
Anskaffing av midlar			
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	177 074 823	165 447 447	161 835 561
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	1 324 187	1 050 000	716 376
Innbetalningar ved eksterne finanstransaksjonar	18 628 520	19 115 000	26 723 621
Sum anskaffing av midlar	197 027 530	185 612 447	189 275 558
Bruk av midlar			
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	172 926 281	167 840 676	160 838 387
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	5 262 528	10 454 431	11 455 108
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjonar	15 106 354	13 448 000	20 547 056
Sum bruk av midlar	193 295 164	191 743 107	192 840 551
Anskaffing - bruk av midlar	3 732 367	-6 130 660	-3 564 993
Endring i ubrukte lånemidlar	-25 975	0	-3 757 676
Endring i rekneskapsprinsipp som verkar på arbeidskapital - drift	0	0	-2 910 801
Endring i rekneskapsprinsipp som verkar på arbeidskapital - investeringar	0	0	-369 896
Ending i arbeidskapital	3 706 392	-6 130 660	-10 603 367

	2009		Rekneskap 2008
	Rekneskap	Justert budsjett	
Omløpsmidlar			
Endring betalingsmidlar	8 649 597		- 5 388 991
Endring ihendehavarobligasjonar og sertifikat	0		0
Endring kortsiktige fordringar	-1 660 116		-2 990 722
Endring premieavvik	-2 015 213		2 128 696
Endring aksjar og andelar	0		0
Endring omløpsmidlar (A)	4 974 268		-6 251 017
Kortsiktig gjeld			
Endring kortsiktig gjeld (B)	-1 267 876		-610 653
Ending i arbeidskapital (A-B)	3 706 392		-6 861 669

5.1.5 Inntekter - Avviksmelding

Brukarbetalingar:

Det er ei meirinntekt for langtidsopphald på Lom heilseheim på kr 690 000.

Andre sals- og leigeinntekter:

Sal av konsesjonskraft har ei meirinntekt i forhold til budsjettet på kr 547 000. Det er elles fleire mindre postar som utgjør avviket.

Overføringar med krav til motyting:

Meirinntekta på kr 6 695 875 må sjåast saman med meirutgiftene i løn og sosiale utgifter med kr 4 267 000. Av meirinntekta utgjør

refusjon av sjuke- og fødselspengar m.m. frå NAV kr 4 143 000.

Postane Rammetilskot, skatt på inntekt og formue og andre direkte og indirekte skattar: Rammetilskot og skatt på inntekt og formue må sjåast saman. Skatteinngangen vart for 2009 større enn venta. Skatteinngangen blir justert mot posten "inntektsutjamning". Ved større skatteinngang blir "inntektsutjamninga" mindre. Inntektsutjamning ligg i posten "Rammetilskot".

5.1.6 Driftsutgifter - Avviksmelding

Løn:

Sjå kommentarar under posten over: "Overføringar med krav til motyting".

Kjøp av varer og tenester som går inn i tenesteproduksjonen:

Dei største avvika på denne posten kjem av meirforbruk av el-kraft på kr 257 000, forsikring kr 85 000 og transport/skyss kr 225 000.

Renteinntekter, provisjonar og andre finansutgifter:

Redusert innskotsrente siste del av året, samt redusert rente på ansvarleg lån frå AS Eidefoss.

Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter:

Avviket kjem av lågare utlansrente.

Bruk av avsetningar:

Bruk av bundne fons:

Avviket er budsjetterte ikkje brukte løyvingar.

Avsetningar:

Overført til investeringsrekneskapen:

Avviket kjem av budsjetterte investeringstiltak som ikkje er gjennomførte.

Avsetning til disposisjonsfond:

Differansen er tiltak som er budsjettert i 2009, men ikkje ferdigstilte.

Avsetning til bundne fond:

Avsetning på VAR – området (vatn, avløp og renovasjon) med kr 1 056 000, kosnesjonsavgift utover budsjettet med kr 662 000 og andre øyremerka tilskot som ikkje er brukt i 2009.

5.1.7 Langsiktig gjeld og pensjonsforpliktingar

Langsiktig gjeld og pensjonsforpliktingar frå 2005 til 2009: (Tal i tusen kroner)

	2005	2006	2007	2008	2009
Total langsiktig gjeld	252 408	258 520	289 603	310 375	314 484
Av dette er pensjonsforpliktingar	137 141	147 575	161 324	187 026	196 533
Langsiktig gjeld utan pensjonsforpliktingar	115 267	110 945	128 279	123 348	117 951

Utvikling i eigenkapital og lånegjeld: (Tal i tusen kroner)

	2005	2006	2007	2008	2009
Eigenkapital	180 220	186 315	198 802	204 945	196 044
Totalkapital	457 291	474 572	514 773	542 298	538 774
Langsiktig gjeld	252 408	258 520	289 603	310 375	314 484
Eigenkapitalprosent	39,4%	39,3%	38,6%	37,8%	36,4%

Udisponert på forskjellige fond: (Tal i tusen kroner)

	2005	2006	2007	2008	2009
Bundne driftsfond	16 331	13 121	15 232	16 487	20 118
Bundne investeringsfond	1 825	3 135	4 384	3 114	4 261
Disposisjonsfond	5 281	6 059	12 949	17 830	22 099
Ubundne investeringsfond	8 651	8 371	9 153	5 111	6 475
Rekneskapsmessig mindreforbruk	2 747	8 712	7 897	5 200	3 479

5.2 Balansert målstyring

Kommunen nyttar balansert målstyring som eitt av sine styringsinstrument. På ein del område som det er resultatstyring på, vert det nytta spørjeundersøkingar. Vektinga av

resultata vert vurdert på ein skala frå 1 til 6, der 1 er det dårlegaste resultatet og 6 er det beste resultatet. På nokre område går skalaen frå 1 til 4, med 4 som beste resultat.

5.3 Det totale målekartet for Lom kommune

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Resultat 2007	Resultat 2008	Resultat 2009	Mål 2009
Økonomi	Økonomistyring av drift	Brutto driftsresultat	2,0%	-4,4 %	-2,3%	-3,2%
		Netto driftsresultat	7,7%	3,1 %	4,2%	2,5%
	Finansiell styring	Eigekapitalprosent	38,6%	37,8 %	36,4%	38,0%
		Gjeldsgrad (Gjeld/Eigekap)	1,6	1,7	1,8	1,6
	Likviditetsstyring	Kredittid fordringar	45 dagar	32 dagar	27 dagar	40 dagar
		Likviditetsgrad 1	3,7	3,4	3,4	3,7
		Arbeidskapital i % av driftsinntekter	45,7%	40,0%	38,6%	45,7%
Medarbeidarar	Arbeidsgjevarrolla	I kva grad er du nøgd med næraste leiar?	4,6	4,5	4,7	4,5
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	3,8	4,1	4,0	3,9
		Løyer dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte?	4,8	5,0	4,9	5,0
		Har du høve til å arbeide sjølvstendig?	5,1	5,2	5,2	5,0
	Arbeidsmiljø	Sjukefråvær korttid	2,7%	2,3%	1,8%	3,2%
		Sjukefråvær langtid	4,5%	4,2%	5,6%	4,0%
		Svarprosent medarbeidarundersøking	48,0%	71,0%	72,0%	76,0%
Læring og fornying	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	4,5	4,4	4,5	4,4
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	3,8	3,9	4,1	4,0

Avvikskommentar – Det totale målekartet:

Driftsresultat:

Her blir det vist til avvikskommentarane for driftsrekneskapan på side 14 i årsmeldinga.

Likviditet:

Arbeidskapitalen i prosent av driftsinntektene har gått ned. Noko av årsaka til dette er ein auke i kortsiktig gjeld det siste året. Kredittid på kundefordringar er redusert, og dermed er dette med på å styrke likviditeten. Likviditeten er god.

Finansiell styring:

Den langsiktige gjelda aukar på grunn av utviklinga i pensjonsmidlar. Lånegjelda er redusert frå 123 til 118 mill kr. Kommunen

si totale gjeld i forhold til kommunen sin total kapital (Bygg, aksjar, kasse, bank m.m.) har ein auke. Dette får vi att gjennom ein reduksjon i kommunen sin eigenkapital i forhold til total kapitalen, ein reduksjon frå 39,4 % i 2005 til 36,4 % ved slutten av 2009. Vi har ein jamn svekking av dette forholdstalet desse åra.

Arbeidsgjevarrolla:

- 3 av 4 mål er nådd.
- Sjukefråvær har ei dreining frå korttidsfråvær til langtidsfråvær

Læring og fornying:

- På dette område er måla nådd.

6 Oversikt frå tenesteområda

6.1 Oversikt frå Staben til administrasjonssjefen

6.1.1 Hovudoppgåver

Hovudoppgåver kultur

- Halde i hevd, vidareutvikle og formidle den lokale kulturen i Lom for bygdafolk og gjester.
- Kontakt og samarbeid med både lokale kulturberarar og kulturberarar utanfrå i større og mindre samanhengar.
- Sikre gode oppvekstkår, varierte kulturtilbod og medraderett for dei unge i Lom.

Hovudoppgåver oppvekst

- Gje råd i barnehage- og skulesaker.
- Føre tilsyn med skule og barnehage. Utvikle kvalitetssystem som sikrar at krav i opplæringslov med forskrifter og barnehagelov blir oppfylte.
- Vere pådrivar i pedagogisk utviklingsarbeid.
- Analysere, vurdere, rapportere og følgje opp resultat.
- Sørgje for etter- og vidareutdanning av det pedagogiske personalet.
- Ha det pedagogiske ansvaret for leirskulane
- Delta i kommunalt og regionalt samarbeid, innanfor eige område og på tvers av tenestene.

6.1.2 Kommenterar til utviklingstrekk

Kommenterar til utviklingstrekk kultur

- Aktiviteten i frivillige lag om lag som før.
- Kulturminneåret. Kåring av Lom sine fremste kulturminne: Lomskyrkja og vatningskulturen.
- Storstila markering av 150-årsjubileet for Hamsun. Markering også av Wentzel.
- Prosess om eit framtidig diktarsenter sett i gong.
- Skisseprosjekt for ein fleirbrukshall som m.a. kan omfatte variert idrett, oppgradering av Lom samfunnshus til kulturhus og nye lokale for vidaregåande skule.
- Kulturkontoret vart i omorganiseringa sommaren 2009 flytta frå teknisk/miljø/landbruk/næring til direkte under administrasjonssjefen.
- Betre nettsider med den nye nettsida www.lom.no, men den tekniske løysinga er ikkje i hamn.

Kommenterar til utviklingstrekk oppvekst

- Krav frå sentralt hald om tydelegare barnehage- og skuleeigar. (Med vekt på skuleeigarrolla.)
- Frå fokus på nok barnehageplassar til fokus på barnehagen sitt innhald.
- Sterkt fokus på resultat i skulen, diverse internasjonale og nasjonale målingar. Krav til skuleeigar om vurdering og oppfølging av resultat.
- Større lokalt handlingsrom, men auka ekstern kontroll. Meir tilsyn og rapportering. Ny lovpålagt rapport om tilstanden i skulen.
- Godt og omfattande regionalt samarbeid, med vekt på innhald og kvalitet.
- Lom brukar mest ressursar dei fyrste skuleåra – tidleg innsats.
- Tendens til at fleire foreldre i Garmo ynskjer at barnet deira skal gå på Loar.

6.1.3 utfordringar framover

Utfordringar kultur

- Halde fram kontakt med friviljuge lag og koordinering av aktivitetar og arrangement.
- Inspirere til aktivt friviljug arbeid i bygda.
- Halde fram prosessen med bygging av fleirbrukshall med reovering av Lom samfunnshus og evt. påbygg til vidaregåande skule.
- Utvikle planar for og vonaleg realisering av eit diktarhus/litteratursenter. Få på plass samarbeidsformer, innhald, organisering og finansiering. Vera med å leggje til rette for større kulturhendingar som Diktardagar i Lom.
- Gjera Presthaugen til ein levande trivselsplass til ulike føremål i samarbeid med Lom bygdamuseum, Gudbrandsdalsmusea AS.
- Leggje til rette for aktivitetar, tilbod og medraderett i planarbeid for dei unge i Lom.

Utfordringar oppvekst

- Stadig nye tiltak frå sentralt hald krev auka spisskompetanse og breidde i kompetansen, både på kommune- og skulenivå. Ein liten kommune som Lom blir i den samanheng spesielt sårbar. Di mindre kommunen og skulane er, di vanskelegare er det å ha den nødvendige breidde i kompetansen. Lange avstandar til kompetansmiljø gjer ikkje utfordringa mindre.
- Forbetre resultat i engelsk.
- Komplisert regelverk. Mange paragrafar gjev rom for tolking. Ein lang veg fram til felles forståing på alle nivå og godt utvikla system.
- Kvalitetssystem i barnehagen manglar. Dette må utarbeidast når kvalitetssystemet for skulane er på plass.
- Små kommunar med stadig færre i kommuneadministrasjon har avgrensa fagmiljø. Med eit stadig meir komplekst fagområde er det auka behov for regionalt samarbeid.

6.1.4 Resultatindikatorar for skulane i Lom

Her er resultatindikatorane for alle skulane i Lom samla i ein tabell.

	Lom 2007	Lom 2008	Lom 2009	Skjåk 2009	Vågå 2009	Komm.- gruppe 2009	Oppland 2009	Heile landet 2009
<u>Prioritering</u>								
Netto driftsutgifter til grunnskuleopplæring, per innbyggjar 6-15 år	96 615	98 223	101 474	94 691	95 628	95 748	88 089	82 747
Netto driftsutgifter til grunnskule-undervisning, per innbyggjar 6-15 år	74 455	78 426	82 348	72 174	76 294	76 575	69 739	65 674
Netto driftsutgifter til skulelokale og skyss, per innbyggjar 6-15 år	21 545	19 311	18 717	21 617	17 823	17 680	17 122	15 092
Utgifter til skuleskyss, per innbyggjar 6-15 år	2 583	2 838	3 416	5 262	3 549	2 675	2 618	1 614
Netto driftsutgifter til skulefritidsordning, per innbyggjar 6-9 år	1 609	1 274	1 026	2 117	3 773	3 584	3 094	3 489
<u>Dekningsgrader</u>								
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, prosent	10,8	10,4	8,1	6,7	7,4	10	7,4	7,6
Timer spesialundervisning i prosent av antall lærertimer totalt	23,1	21	17,8	16,3	15	18	17,9	16,4
Produktivitet / enhetskostnader								
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskuleundervisning, per elev	68 791	76 617	78 650	74 912	75 700	78 834	72 766	68 481
Korrigerte brutto driftsutgifter til skulelokale og skyss, per elev	22 328	20 275	23 407	22 598	19 011	18 103	18 419	15 416
Driftsutgifter til undervisningsmateriell, per elev i grunnskulen	2 712	3 022	3 111	1 883	2 286	1 963	1 574	1 524
Herav elever per undervisningsrelatert årsverk	8,8	8,4	10,2	9,4	9,8	10,3	11,3	12,1
Gjennomsnittlig gruppestorleik, 1.til 7.årstrinn	9,5	9	10,5	9,6	10,9	10,9	12,2	13
Gjennomsnittlig gruppestorleik, 8.til 10.årstrinn	11	11,8	12,2	12,7	12,6	12,5	13,4	14,6
Antall elever per datamaskin	2,8	2,4	2,4	2,5	4,2	2,8	3,3	3,3
Gjennomsnittlige grunnskulepoeng	39,9	39,66	38,31	36,38	38,32

6.1.5 Kommenterar til avvik

Fylkesmannen i Oppland gjennomførte i desember tilsyn med Lom kommune på kap 5 i opplæringslova om rett til spesialundervisning. Tilsynet la mest vekt på §§2-2 og 2-3, innhald og omfang i opplæringa. Men også § 8-2 – rett til å

høyre til i ei gruppe/klasse, var tema.

Kommunen fekk **ikkje avvik**, men fylkesmannen hadde merknad i.f.t. § 8-2 og kjem på nytt tilsyn til hausten.

6.2 Oversikt frå Støttefunksjonen

6.2.1 Hovudoppgåver

Støttefunksjonen skal yte service overfor dei andre resultatområda i kommunen. På denne måten får dei andre resultatområda hatt fokus på sine primæroppgåver. Støttefunksjonen har og oppgåver som er retta mot innbyggjarane i kommunen. Støttefunksjonen har ansvaret for desse oppgåvene:

- Arbeidsgjevarkontrollen (Samarbeidsorgan for Nord-Gudbrandsdalen som utfører bokettersyn av lønnsområde på

arbeidsplassar i regionen) Lom kommune administrerer ordninga.

- Biblioteket (frå 01.08.2009)
- Informasjon
- IT/IKT
- Personalavdeling
- Økonomiavdeling
- Servicetorg
- Skatteoppkrevjing
- Tilflytting (som ny teneste)

6.2.2 Tenesteleiarar til utviklingstrekk

- Krav til både ekstern- og intern informasjon er stor. Nye heimesideplattformer gjev det mogleg å gje betre informasjon både internt og eksternt. Det er vel å nemne i dette dokumentet at vår heimeside vart rangert som 8. beste i Noreg i 2009. Ei rangering av offentlege nettstader (ca 860 nettstader) som er gjennomført av Norge.no.
- Presset på den kommunale økonomi er stor. Ein kan ikkje vente auke i dei offentlege budsjetta framover, slik som det har vore dei siste åra. I økonomiplanen for 2011 – 2013 er det lagt inn innsparingstiltak. Ut frå signal som har kome frå sentrale styremakter, kan vi heller vente ei ytterlegare innsparing. Dette set store krav til budsjettarbeidet, eit arbeid som skal koordinerast med 9 område med budsjettansvar og som alle har store behov.
- Stor og variert saksmengde set krav til fleksibel organisasjon og kompetanse.

- Det er eit ”press” om utviding av det enkelte tenesteområde sine rammer. Dette set krav til ytterlegare styrking av styringa i kommunen. For å møte dette må det til ei systematisk analyse av økonomi, kvalitets- og medarbeidarindikatorar.
- Funksjonen med scanning av inngåande fakturaer er fullt implementert.
- Det har vore ei utfordring å få på plass full bemanning i Arbeidsgjevarkontrollen for Nord – Gudbrandsdal. Dette er arbeidsoppgåver med krav til høgskuleutdanning, som skulle gje bra med utfordringar til personar med økonomisk-administrativ utdanning.
- Framleis auke i besøk og utlån ved Lom folkebibliotek
- Det er stor aktivitet på fjernlån (innlån av bøker m.m. frå andre bibliotek)
- Biblioteket er mykje brukt av tilreisande for oppkopling mot internett

6.2.3 Utfordringar framover

- Leggje til rette for månadsperiodiserte budsjett og endring av rapporteringsrutinar
- Lage standardrapportar for økonomisk rapportering frå økonomistyringssystemet
- Utforme ein produkt/tenestekatalog for Støttefunksjonen, som er ei oversikt over dei oppgåvene Støttefunksjonen yter til dei andre resultatområda
- Styring og framdrift av mangearta oppgåver i Støttefunksjonen
- Vurdere nye bestillingsrutinar frå dei andre resultatområda på tenester som Støttefunksjonen skal yte

- Utvikle nytt intranett for heile kommunen
- Vurdere bruk av sosiale media i kommunen generelt.
- Oppretthalde eit høgt nivå på tenester levert av biblioteket (Dobling av utlån og besøk frå år 2000).
- Bruk av sosiale media for å synleggjera biblioteket sine tilbod.
- Utarbeidde informasjonsplan kor bruken av sosiale medier på internett vert behandla..
- Økonomireglement.



Egil Haug er tenesteleiar i Støttefunksjonen

6.2.4 Målekart

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Resultat 2007	Resultat 2008	Resultat 2009	Mål 2009
Økonomiavdelinga Brukarar	Opplevd kvalitet	Kor tilfreds er du med hjelp, støtte og service frå økonomiavdelinga?	4,9	4,6	4,8	4,9
		Opplever du å ha den naudsynte kompetanse i økonomisystemet?	3,9	-	4,2	4,5
		Opplever du at rekneskapen er ajour og fullstendig for å nytte han i den daglege økonomistyringa?	-	-	4,2	4,5
	Målt kvalitet	Kredittid fordringar	45 dagar	32 dagar	27 dagar	40 dagar
Løn og personal Brukarar	Opplevd kvalitet	Kor tilfreds er du med hjelp, støtte og service frå løn og personal?	4,0		4,8	4,3
		Opplever du å ha den naudsynte kompetanse i personalsystemet?	3,9	-	3,4	4,3
	Målt kvalitet	Reduksjon av manuelle timelister	-	-	73%	25%
Serviceforret Brukarar	Opplevd kvalitet	Kor tilfreds er du med hjelp, støtte og service frå serviceforret?	4,7	4,0	4,5	4,7
	Målt kvalitet	Restansar i sak/arkivsystemet		-	11,5%	15%
		Andel saker handsama innan 14 dagar		-	46%	100%
Brukarar IKT	Opplevd kvalitet	Kor tilfreds er du med hjelp, støtte og service frå IKT?	4,8		5,0	4,8
		Kor tilfreds er du med kommunens dataløysing og kommunens/regionens fagprogramløysingar?	-	-	4,0	4,5
		Kor tilfreds er du med hjelp, respons og tilrettelegging frå IT-avdelinga?	4,8	5,3	5,0	4,8
		Kor godt tykkjer du at arbeidsgjevar legg til rette for opplæring i dataløysing?	3,9		4,4	4,3
Brukarar Informasjon	Opplevd kvalitet	Kor tilfreds er du med hjelp, støtte og service frå informasjonsavdelinga?	4,0	4,7	4,7	4,2
	Målt kvalitet	Total score i kvalitet på heimesida	52%	53%	88%	80%
		Besøkande på heimesida, gjennomsnitt pr. veke	17 170	16 253	11 071	18 000
Medarbeidarar	Arbeids-gjearrolla opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	3,1	4,0	4,6	3,5
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	2,8	5,1	4,0	3,8
		Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte?	5,1	4,8	4,8	5,1
		Har du høve til å arbeide sjølvstendig?	5,4	5,2	5,1	4,8
	Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid	1,7%	1,6%	1,3%	2,0%
		Sjukefråvær langtid	1,0%	6,4%	5,3%	2,5%
Læring og fornying	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	4,4	4,6	5,4	4,4
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	3,5	4,0	5,1	3,6

6.2.5 Rekneskapsoversikt

	Rekneskap		
	2009	Budsjett 2009	Avvik
Lønsutgifter	12 440 109	12 178 798	261 311
Kjøp av varer og tenester	817 795	592 051	225 744
Kjøp av tenester frå andre	3 087 951	3 061 300	26 651
Overføringer	2 004 528	1 839 073	165 455
Finansutgifter/transaksjonar	26 781 921	25 287 755	1 494 166
Salsinntekter	-15 702 484	-15 342 500	-359 984
Refusjonar	-2 023 785	-6 615 794	4 592 009
Overføringer	-103 245 321	-102 235 700	-1 009 621
Finansinntekter/transaksjonar	-20 949 016	-21 800 566	851 550
Sum støttefunksjon	-96 788 303	-103 035 583	6 247 280
Refusjon for merverdiavgift	-4 973 442	0	-4 973 442
Sum	-4 973 442	0	-4 973 442
Totalt støttefunksjonen	-101 761 745	-103 035 583	1 273 838

6.2.6 Resultatindikatorar

Finansielle nøkkeltal	Lom	Lom	Lom	Skjåk	Vågå	Komm.-	Oppland	Heile
	2007	2008	2009	2009	2009	gruppe	2009	landet
	2007	2008	2009	2009	2009	2009	2009	2009
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2	-4,3	-2	7,3	3,8	2,8	1	1,3
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	8	3,1	4,5	13,3	7	3,2	3	2,7
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	185	191,8	177,6	196,4	182,1	172	173,7	173,4
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	45,7	40	38,6	53,9	25,8	18,6	24,9	22,1
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	33 875	35 325	38 906	39 709	41 465	39 702	34 879	33 486
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	31 718	30 734	28 093	14 023	49 424	40 107	32 898	35 848

6.2.7 Nøkkeltal for området

	2005	2006	2007	2008	2009
Tenesteleiar - årsverk		1	1	1	1
<u>Økonomiavdelinga:</u>					
Talet på årsverk	3,8	3,8	3,8	3,8	3,8
Talet på bilag	8 134	11 405	11 433	11 513	11 754
<u>Sevicerorget:</u>					
Talet på årsverk		4,2	3,2	3,2	3,2
Talet på journalpostar		4 896	5 100	5 050	5 575
Søknader om etableringstilskot		23	18	10	12
Søknader om skjenkeløve		9	17	35	9
Talet på formannskapsmøte		22	20	21	24
Talet på kommunestyremøte		10	9	10	9
Talet på budsjettutvalsmøte		8	8	7	5
Talet på andre utvalsmøte		0	0	15	30
<u>Biblioteket:</u>					
Utlån pr innbyggjar	9,10	9,22	9,95	10,27	9,7 *)
Gjennomsnitt i Oppland	5,31	5,2	4,57	4,9	*)
Besøk pr innbyggjar	10,7	7,9	7,7	7,1	8,2 *)
Gjennomsnitt i Oppland	4,3	4,7	3,7	3,9	*)

Oversikt frå tenesteområda: Støttefunksjonen

	2005	2006	2007	2008	2009
<u>Personal:</u>					
Talet på årsverk		1	1	1	1
Talet på saker i adm.utvalet		2	9	6	4
Talet på saker i tilsettingsutvalet		53	60	46	45
Talet på faste tilsettingar		25	26	27	31
Talet på avslutta arbeidsforhold		18	16	13	17
<u>Arbeidsgjevarkontrollen:</u>					
Talet på årsverk	3	3	3	3	3
<u>Informasjon:</u>					
Talet på årsverk		1	1	1	1
Elektroniske skjema på heimesida	0	0	3	22	35
Vitjingar på heimesida, pr. veke	7.051	12.758	17.170	16.253	11.071
Total score frå Norge.no, prosent	52	69	52	53	88
Talet på utgaver av Lomsnytt	2	2	3	4	2

Lom folkebibliotek har utarbeidd eiga årsmelding som er tilgjengeleg på biblioteket og på heimesida vår, www.lom.kommune.no

*) Både utlån pr. innbyggjar og besøk pr. innbyggjar var høgast i fylket for åra 2005-2008. Sentral bibliotekstatistikk for 2009 vert ikkje klar før seinare på året, og vi har difor gjort ei utrekning av tala for Lom folkebibliotek. Bibliotekfilialen i Garmo vart lagt ned i 2009.

6.2.8 Kommenterar til avvik

Lønsutgifter:

Avviket må sjåast saman med refusjon av sjukeløn og fødselspengar på kr 405 000.

Finansutgifter/transaksjonar:

Under denne posten er mindreforbruk postert som ein motpost (Resultat "utnullet"), Slik at det rekneskapen kjem som ei utgift på kr 3 479 000 (og som ikkje er ei utgift). Etter korleksjon av denne posten, er avviket positivt med kr 1 984 000.

Salsinntekter:

Sal av konsesjonskraft hadde eit positivt avvik med kr 582 000.

Refusjonar:

Det er to postar "Refusjonar". Desse postane må ein sjå saman.

Overføringar:

Avviket kjem av fleire postar med avvik, og postar ein må sjå i samanheng. Konsesjonsavgifter har eit positivt avvik med kr 662 000.

Finansinntekter/transaksjonar:

Avviket kjem av lågare rente.

6.3 Oversikt frå Loar skule

6.3.1 Hovudoppgåver

- Loar skule skal leggje til rette for læring og utvikling for kvar enkelt elev (Loar skule som lærande organisasjon): Tilpassa opplæring i eit inkluderande miljø.
- Loar skule skal vera ein skule med tryggleik, trivsel og omsorg der læring er meningsfylt og samarbeid er eit nøkkelord.
- Framhald i satsing på dei 5 grunnleggjande dugleikane i Kunnskapsløftet/kvalitetssikre læringsmiljøet slik at dette blir ein realitet.
- Skapa eit læringsmiljø som gjer at elevane opplever meistring og tru på seg sjølv.
- Vidareutvikle vurderingsarbeidet. Skal vera læringsfremjande for elevane og handterleg for lærarne.
- Vidareutvikle vekeplanane med målbare læringsmål.
- Leggje til rette for godt samarbeid mellom heim og skule.
- Sikre gode overgangsordningar barnehage/skule og barneskule/ungdomsskule.
- Kompetanseheving av personalet.

6.3.2 Tenesteleiars kommentarar til utviklingstrekk

- Etter omorganiseringa gjeldande frå 01.08.09 har rektor fått utvida ansvar og fleire oppgåver og samstundes høve til meir direkte påverknad.
- Rektor har vore meir fråverande frå skulen som følge av naudsynt kursing.
- Lagleiarane (2): administrasjonsressurs inneverande skuleår tilsvarande ca 11 % for å avlaste rektor med nokre administrative oppgåver. Ei god ordning!
- Krav til elev-vurdering og skulevurdering og dokumentasjon av dette har vorte større (ny vurderingsforskrift gjeldane frå 01.08.09). Vurderinga gjeld frå og med 1.klasse.
- Auke i elevtalet/fleire klassar (2008/2009: 152 elevar/7 klassar – 2010/2011: 172 elevar/9 klassar pr febr. 2010).
- Større krav til spesialpedagogisk kompetanse.
- Sterkare krav til læring. Krav om tilpassa opplæring gjeld alle elevane. Kompetansemåla i Kunnskapsløftet gjeld alle elevar!

6.3.3 Utfordringar

- Framhald i satsing på dei 5 grunnleggjande dugleikane, og i særleg grad satsing på auka læringsutbytte i engelsk.
- Vidareutvikle vekeplanane med læringsmål slik at planane i enda sterkare grad blir læringsfremjande.
- Leggje til rette for tilpassa opplæring (viktig med timar til deling i mindre grupper) for alle elevar (Opplæringslova § 1-3). Det er noko som heiter at "saman er ein god stad å vera" og tilpassa opplæring gjeld den enkelte eleven i fellesskapet.
- Utvikle ein vurderingskultur (gjeld frå 1.klasse) gjennom framovermeldingar og undervegsvurdering slik at elevane får forståing av deira faglege ståstad i høve kompetansemåla i Kunnskapsløftet og kva dei må gjera for å nå desse måla.
- Auke bruken av PedIT (læringsplattform) som informasjonskanal og som kommunikasjonskanal.
- Gjennom ulike undersøkingar kjem det fram at både elevar og dei tilsette trivst godt. Vi må arbeide aktivt for høg trivsel i framtida òg.
- Mange lærarar slit med å få nok tid til å gjera alle arbeidsoppgåvene Kunnskapsløftet, lover og forskrifter set krav til dei at dei skal gjera. Bevisstgjerjing av korleis vi brukar tida vår blir eit viktig arbeid framover.
- Tilrettelegging for kompetanseheving i engelsk (og i andre prioriterte fag, jfr. Kompetanseplanen).
- Organisere gratis lekeshjelp for elevar i 1.-4.klasse komande skuleår på ein slik måte at tiltaket blir læringsfremjande.
- Vidareutvikle både det fysiske og det psykososiale arbeidsmiljøet gjennom aktivt arbeid i skulekvardagen og gjennom arbeid i rådsorgana (elevrådet, FAU, Su og Skulemiljøutvalet).
- Gjennom ulike undersøkingar kjem det fram at arealsituasjonen på Loar skule ikkje er god nok. Det vil bli arbeid for å betre denne. Elevtalet og klassetalet aukar og behov for ekstra klasserom, rom for spesialtrening og lagerrom er reelt.
- Halde på, eller **helst auke** ressurstilgangen (auke i elevtal og i klassetal). God lærartettleik er ein av suksessfaktorane for godt læringsutbytte.



Marit Rossehaug er rektor ved Loar skule

6.3.4 Målekart

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Resultat 2009
Brukar	Opplevd kvalitet	Trivst på skulen	4,6
		Mobbing på skulen	1,1%
		Fagleg rettleiing av lærar	4,2
		Har du lærarar som gjev deg lyst til å arbeide med faga	4,0
		Tilfreds med dialog heim-skule	4,2
	Målt kvalitet	Nasjonale prøver; 5. steg rekning (Prosentdel på det lågaste av tre nivå)	19,0
		Nasjonale prøver; 5. steg lesing (Prosentdel på det lågaste av tre nivå)	38,0
Nasjonale prøver; 5. steg engelsk (Prosentdel på det lågaste av tre nivå)		57,0	
Medarbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	5,2
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	3,8
		I kva grad har du tid til å gjera jobben din?	3,2
		Har du høve til å jobbe sjølvstendig?	5,0
	Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid	2,0%
		Sjukefråvær langtid	3,7%
		Svarprosent medarbeidarundersøking	82
Læring og fornying	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	4,7
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	4,2

På grunn av ny organisering er det ikkje sett mål for 2009 for Loar skule.

Medarbeidarundersøking, karakterskala frå 1 (dårlegast) til 6 (best).

6.3.5 Rekneskapsversikt

Loar skule	Rekneskap 2009	Budsjett 2009	Avvik
Lønsutgifter	9 832 550	9 965 485	-133
Kjøp av varer og tenester	2 033 953	2 175 924	-142
Kjøp av tenester frå andre	525 468	470 000	55
Overføringar	190 610	184 000	7
Finansutgifter/transaksjonar	3 000	0	3
Salsinntekter	-169 081	-119 000	-50
Refusjonar	-769 737	-670 000	-100
Overføringar	-3 000	0	-3
Sum Loar skule	11 643 764	12 006 409	-363
Musikk- og kulturskulen	Rekneskap 2009	Budsjett 2009	Avvik
Lønsutgifter	958 702	950 797	8
Kjøp av varer og tenester	101 589	114 187	-13
Overføringar	21 433	12 800	9
Salsinntekter	-168 925	-133 000	-36
Refusjonar	-1 504	0	-2
Sum musikk- og kulturskulen	911 295	944 784	-33

6.3.6 Resultatindikatorar for skulane i Lom

Resultatindikatorane for alle skulane i Lom er samla i ein tabell i kapitlet 6.1.4 på side 18.

6.3.7 Nøkkeltal for området

	2005	2006	2007	2008	2009
Elvetal pr. 31.12	166	153	161	152	160
Talet på tilsette lærarar	11	19	18	17	19
Av dei kvinner/menn	11/0	18/1	17/1	14/3	16/3
Talet på tilsette assistentar					4
Lærartettleik	12,1	11,5	10,8	11,3	10,3
<u>Musikk- og kulturskulen:</u>					
Talet på elevar/elevplassar		124/146	132/149	97/107	103/112
Talet på lærarar/årsverk		11/2,38	15/2,46	9/2,46	10/2,45

6.3.8 Kommenterar til avvik

Rekneskapen for tenesteområde Loar skule 2009 syner eit overskot tilsvarande kr 363.000,-.

Forklaringane til overskotet er
 - ca kr 100.000,- i ubrukte lønsmidlar
 - lågare bruk av interne overføringar.



Nina Opbaug er rektor ved Garmo oppvekstsenter

6.4 Oversikt frå Garmo oppvekstsenter

6.4.1 Hovudoppgåver

- Arbeide for å skape eit godt læringsmiljø gjennom mykje og god vaksenkontakt. Gje barna tru på seg sjølv og eigne evner.
- Sikre eit godt samarbeid mellom heim og skule.
- Arbeide aktivt for å gje elevane tilpassa opplæring og opplæringsmål gjennom heile året. Kvalitetssikre læringsmiljøet med særskild vekt på grunnleggjande ferdigheiter.
- Leggje til rette for ein god og trygg overgang barnehage-skule.
- Leggje til rette for og gje ei fagleg opplæring som gjer at ein klarar å nå dei fleste måla i kunnskapsløftet. Viktig at elevane etter 7. steg er godt førebudde til ungdomsskulen.

6.4.2 Tenesteleiars kommentarar til utviklingstrekk

- Krav om dokumentasjon av elev- og skulevurdering.
- Omorganisering frå 01.08.2009. Garmo oppvekstsenter med ny felles leiar. Ulike utfordringar knytt til dette. Det har vore og vil vil framleis vere behov for ei "innkøyringsfase".
- Mange dagar har vorte brukt til kurs og opplæring av rektor.
- Frikjøp av ped.leiar i 10% i barnehagen for å lette noko av det administrative arbeidet til rektor.
- Krava til innhaldet i barnehagen har vorte større. (Jmf.: Stortingsmelding: Kvalitet i barnehagen)
- Nyinnkjøp av stolar og pultar til samtlege elevar.

6.4.3 Utfordringar

- Sikring av god drift for både barnehage og skule er krevjande.
- Styrke fellesskapet mellom heile personalet på oppvekstsenteret. Halde fram med felles arbeid skule-barnehage.
- Vidareutvikle læringsplattforma PedIT. Knytte det enda meir opp til fag, lekser og skulearbeid generelt.
- Gjennom rekruttering og etter- og vidareutdanning gjera oppvekstsenteret i stand til å nå måla i Kunnskapsløftet.
- Viktig å få til ei god ressursfordeling med tanke på delingstimar og spesialundervisning, samt personalressursar.
- Kompetanseheving i engelsk, PedIT.
- Sikre god organisering og ressursbruk skuleåret 2010/2010. Ujamne årskull: 1.2.: 9 elevar, 3.-4.: 4 elevar og 5.-7.20 elevar.

6.4.4 Målekart

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Resultat 2009
Brukar	Opplevd kvalitet	Trivst på skulen	*)
		Mobbing på skulen	*)
		Egleg rettleiing av lærar	*)
		Har du lærarar som gjev deg lyst til å arbeide med faga	*)
		Tilfreds med dialog heim-skule	*)
	Målt kvalitet	Nasjonale prøver; 5. steg rekning (Prosentdel på det lågaste av tre nivå)	15
		Nasjonale prøver; 5. steg lesing (Prosentdel på det lågaste av tre nivå)	0
		Nasjonale prøver; 5. steg engelsk (Prosentdel på det lågaste av tre nivå)	0
Medarbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	5,4
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	3,9
		I kva grad har du tid til å gjera jobben din?	4,1
		Har du høve til å jobbe sjølvstendig?	4,9
	Målt kvalitet	Sjukefråvar korttid	1,9%
		Sjukefråvar langtid	3,0%
		Svarprosent medarbeidarundersøking	100%
Læring og fornying	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	4,5
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	4,5

På grunn av ny organisering var ikkje Garmo oppvekstsenter eige resultatområde før 1. august 2009. Det er difor ikkje sett mål for 2009.

*) Det er så få elevar at nokre av resultatata for 2009 ikkje er offentlege.

Medarbeidar-undersøking, karaktarskala frå 1 (dårlegast) til 6 (best).

6.4.5 Rekneskapsoversikt

	Rekneskap 2009	Budsjett 2009	Avvik
Garmo skule			
Lønsutgifter	3 195 430	3 085 333	110
Kjøp av varer og tenester	726 714	794 278	-68
Overføringar	84 964	145 989	-61
Finansutgifter/transaksjonar	35 000	0	35
Salsinntekter	-38 038	-43 000	5
Refusjonar	-182 413	-30 000	-152
Sum Garmo skule	3 821 657	3 952 600	-131

På grunn av ny organisering er rekneskapan for alle barnehagane samla under Loar barnehage i kapittel 6.6.5 på side 33. Det er

difor inga rekneskapsoversikt for 2009 for Garmo barnehage.

6.4.6 Resultatindikatorar

Resultatindikatorane for alle skulane i Lom er samla i ein tabell i kapitlet 6.1.4 på side 18.

Resultatindikatorane for alle barnehagane i Lom er samla i ein tabell i kapitlet 6.6.6 på side 33.

6.4.7 Nøkkeltal for området

	2005	2006	2007	2008	2009
<u>Garmo barnehage:</u>					
Talet på avdelingar	1	1	1	1	1
Talet på årsverk, pedagogar	1,33	1,00	1,07	1	1,3
Talet på årsverk, fagarbeidarar	1,38	1,30	2,40	2	2
Talet på årsverk, ufaglærte	0	0	0	0,5	0,5
Sum talet på årsverk	2,41	2,30	3,47	3,5	3,8
Talet på barn under 3 år	2	1	3	4	3
Talet på barn over 3 år	13	10	13	13	13
Sum talet på barn	15	11	16	17	16
<u>Garmo skule:</u>					
Elvetal pr. 01.10	34	37	33	32	33
Talet på tilsette lærarar		6	7	6	6
Av dei kvinner/menn		4/2	5/2	4/2	4/2
Talet på tilsette assistentar					3
Lærartettleik	7,6	8,2	7,6	6,8	7,4

6.4.8 Kommenterar til avvik

Rekneskapen for Garmo skule syner eit lite mindreforbruk. Med eit lite meirforbruk

på Garmo barnehage vart det samla sett eit ubetydeleg avvik for Garmo oppvekstsenter.

6.5 Oversikt frå Lom ungdomsskule

6.5.1 Hovudoppgåver

- Kvalitetssikring av læringsmiljøet med særskild vekt på grunnleggjande ferdigheiter.
- Tiltak for å betre elevane sin motivasjon for læring.
- Etter-og vidareutdanning av det pedagogiske personalet i høve til måla i Kunnskapsløftet.

6.5.2 Tenesteleiarar kommenterar til utviklingstrekk

- Skilnaden mellom elevane i møte med skulen er blitt større.
- Større skilnader i oppfølging av elevane frå heimane.
- "Eit uroleg samfunn" verkar inn på elevane si læring.
- Informasjonsstraumen og tilgjenge til media skaper behov for grensesetting og etiske retningslinjer.
- Krav til skulen som arena for fagleg læring. Stort press frå ulikt hald(organisasjonar osv) om å kome inn i skulen. Skulen må og skal prioritere den faglige opplæringa slik at ein klarer å nå dei fleste måla i fagplanen.
- Krav om dokumentasjon av elev- og skulevurdering.
- Krav til kommunen om eit forsvarleg system for å sikre at krava i opplæringslov og forskrift blir fylgde.
- Frå 2005 og fram til 2008 var det ei sterk auke i spesialundervisninga. Men frå skuleåret 2009/2010 har dette endra seg. Spesialundervisninga er langt på veg halvert.

6.5.3 utfordringar

- Leggje til rette for tilpassa opplæring. For å få til dette er det viktig med delingstimar
- Fremje ein vurderingskultur ved skulane, der m.a. lærarane ved "undervgsvurdering" av elevane informerer dei om deira faglege ståstad i høve til kompetansemåla i faget.
- Gjennom m.a. vurderingsarbeidet få elevane i større grad til å ta del i utviklinga av læringsmiljøet.
- Utvikle bruken av IKT i skulane gjennom m.a. læringsplattformen PedIT slik at skulane kan bli mellom dei fremste i landet i bruk av elektroniske læringsverky. Bruk av databaserte opplæringsprogram.
- Lette det administrative arbeidet for rektorane ved innføring og bruk av Visma.
- Gjennom rekruttering og etter- og vidareutdanning gjera skulane i stand til å nå måla i Kunnskapsløftet.
- Sikre nok ressursar til skulen for å følgje opp krav frå elevar, foreldre og storsamfunn. Her er delingstimar det viktigaste tiltaket.
- Førebu heildagsskulen ved blant anna å tilby leksehjelp etter skuletid.
- Det er eit godt læringsmiljø på skulen, men det er eit lite fåtal av elevar som seier dei er utsett for mobbing. Ein som blir mobba er ein for mykje. Skulen har laga ein mobbeplan, men det viktigaste tiltaket for å hindre mobbing er stor lærartettleik, mange vaksne ute i friminutta, samtale om mobbing og bevisstgjerjing av elevane.
- Mange elevar slit sosialt og psykisk.. Det er behov for ein sosiallærer.
- Mange lærarar klagar på stort arbeidspress og tidspress. Kravet til dokumentasjon tek mykje tid frå lærarane.
- Fylkesmannen hadde tilsyn på skulen der det ikkje vart funne avvik, men skulen fekk merknad fordi ein i dei skriftlege faga organiserte undervisninga i permanente grupper. Skulen vil få nytt tilsyn til hausten.



Tore Mundal er rektor ved Lom ungdomsskule

6.5.4 Målekart

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Resultat 2009
Brukar	Opplevd kvalitet	Trivst på skulen	4,3
		Mobbing på skulen	1,2%
		Fagleg rettleiing av lærar	3,2
		Har du lærarar som gjev deg lyst til å arbeide med faga	3,7
		Tilfreds med dialog heim-skule	4,5
	Målt kvalitet	Gjennomsnitt grunnskulepoeng	38
		Nasjonale prøver; 8. steg rekning (Prosentdel på dei to lågaste av fem nivå)	45,0
		Nasjonale prøver; 8. steg lesing (Prosentdel på dei to lågaste av fem nivå)	33,0
		Nasjonale prøver; 8. steg engelsk (Prosentdel på dei to lågaste av fem nivå)	36,0
Medarbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	5,4
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	5,3
		I kva grad har du tid til å gjera jobben din?	3,7
		Har du høve til å jobbe sjølvstendig?	5,4
	Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid	0,9%
		Sjukefråvær langtid	1,5%
		Svarprosent medarbeidarundersøking	85%
Læring og fornying	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	5,1
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	4,5

På grunn av ny organisering er det ikkje sett mål for 2009 for Lom ungdomsskule.

Medarbeidarundersøking, karakterskala frå 1 (dårlegast) til 6 (best).

6.5.5 Rekneskapsoversikt

	Rekneskap 2009	Budsjett 2009	Avvik
Lom ungdomsskule			
Lønsutgifter	7 785 381	7 372 417	413
Kjøp av varer og tenester	3 400 529	3 082 917	318
Overføringar	474 894	490 800	-16
Finansutgifter/transaksjonar	162 000	0	162
Salsinntekter	-526 380	-525 000	-1
Refusjonar	-685 440	-200 000	-485
Finansinntekter/transaksjonar	-52 800	-50 000	-3
Sum Lom ungdomsskule	10 558 184	10 171 134	387

6.5.6 Resultatindikatorar for skulane i Lom

Resultatindikatorane for alle skulane i Lom er samla i ein tabell i kapitlet 6.1.4 på side 18.

6.5.7 Nøkkeltal for området

	2005	2006	2007	2008	2009
<u>Lom ungdomsskule:</u>					
Elvetal pr. 01.10	96	98	88	104	105
Talet på tilsette lærarar	15	17	18	19	18
Av dei kvinner/menn	11/4	11/6	13/5	12/7	12/6
Talet på tilsette assistentar					2
Lærartettleik	13,1	13,9	11,6	11,0	11,8
<u>Vaksenopplæringa:</u>					
Talet på elevar/elevplassar		124/146	132/149	97/107	
Talet på lærarar/årsverk		11/2,38	15/2,46	9/2,46	2/1,20

6.5.8 Kommenterar til avvik

- Fylkesmannen hadde tilsyn på skulen der det ikkje vart funne avvik, men skulen fekk merknad fordi ein i dei skriftlege faga organiserte undervisninga i permanente grupper. Skulen vil få nytt tilsyn til hausten
- Avvik budsjett/rekneskap. Det var eit overforbruk på lønsutgifter med kr. 413.000, men dette må sjåast i samanheng med refusjon av sjukepengar/fødselspengar. Det reelle overforbruket er ca. kr. 250.000. Når lønsbudsjettet for skulane vart sett opp hausten 2008, var skulane sett under eitt. Derfor må ein sjå på dei samla lønsutgiftene for skulane. Både Garmo og Loar gjekk med overskot på lønsutgiftene. Samla sett så har skulane i Lom eit underforbruk på lønsutgifter.
- Det var og eit overforbruk på kjøp av varer og tenester. Her er det auka utgifter til skuleskyss og straum som dreg opp. Ellers er det ei rekkje mindre postar som er gått i både pluss og minus.
- Det er ført 162.000 til finansutgifter/transaksjonar. Det samla avviket for ungdomsskulen blir da på kr 225.000.



Ragnbild Vestad er styrar for Loar barnehage

6.6 Oversikt frå Loar barnehage

6.6.1 Hovudoppgåver

Barnehagen sitt samfunnsmandat: ”Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas hjem”, Barnehageloven § 1.

Barnehagen sitt verdigrunnlag:

”Omsorg, oppdragelse og læring i barnehagen skal fremme menneskelig likeverd, likestilling, åndsfrihet, toleranse, helse og forståelse for berekraftig utvikling”, Barnehageloven § 2.

I tillegg skal barnehagane følgje dei retningslinjer som Rammeplanen for barnehagen gjev.

6.6.2 Tenesteleiars kommentarar til utviklingstrekk

- Mange fleire barn har større barnehagetilbod; 4 eller 5 dagar i veka. Berre 6 barn har eit 2 dagars tilbod.
- Ny Stortingsmelding; Kvalitet i barnehagen. Større krav til innhaldet i barnehagen.
- Oppgradering av uteområde sommar/ haust 2009; ferdigplen, asfalt, takoverbygg sandkasse.

6.6.3 Utdringar framover

- Fordele barnehageplassane. Mål at alle skal få dei dagane dei søker om.
- Leggje arbeidstilhøva til rette for sjukemeldte/tilsette med spesielle behov.
- Leggje til rette for kompetanseheving for dei tilsette, jfr ny Stortingsmelding.
- Få til mattilbod i barnehagen som både foreldre og tilsette er tilfredse med.

6.6.4 Målekart

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Resultat 2008	Resultat 2009	Mål 2009
Brukarar	Opplevd kvalitet	Tilfreds med tilgjenge	5,4	5,3	5,2
		Foreldre sine moglegheiter for medverknad over barnehagetilbodet	4,2	4,1	4,8
		Respektfull behandling av barnet	5,5	5,1	5,2
		Barnehagens bidrag til språkutviklinga til barnet	4,9	4,6	5,0
	Målt kvalitet	Talet på barn på venteliste	0	0	
		Kor mange barn når aldersrelevante språkmål før skulestart	80%	90%	80%
Ressursstyring	Prioritering	Korrigerte brutto driftsutgifter pr korrigert opphaldstime	49	55	
Medarbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	4,9	4,9	4,5
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	3,5	3,7	3,8
		Løyer dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte?	4,3	4,3	4,8
		Har du høve til å arbeide sjølvstendig?	4,8	4,7	4,9
		Samarbeid/trivsel med kolleger	4,6	4,6	5,0
		Stoltheit over eigen arbeidsplass	4,8	4,8	5,0
	Målt kvalitet	Sjuefråvær korttid	3,1%	2,1%	4,5%
		Sjuefråvær langtid	5,3%	8,3%	5,0%
Læring og fornying	Opplevd kvalitet	Fagleg og personleg utvikling	3,4	4,1	4,5
		I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	3,5	4,2	4,3
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	3,4	4,0	4,0
	Målt kvalitet	Gjennomførte kompetansetiltak i høve til overordna kompetanseplan	100%	80%	100%

Brukar- og medarbeidarundersøkingar, karakterskala frå 1 (dårlegast) til 6 (best)

På grunn av ny organisering er det ikkje sett mål for 2009 for Loar barnehage..

6.6.5 Rekneskapsoversikt for barnehagane

Barnehage	Rekneskap 2009	Budsjett 2009	Avvik
Lønsutgifter	11 205 922	10 416 872	789
Kjøp av varer og tenester	1 678 299	1 448 796	230
Kjøp av tenester frå andre	342 539	346 400	-4
Overføringar	257 914	259 100	-1
Finansutgifter/transaksjonar	5 000	0	5
Salsinntekter	-2 063 730	-2 299 000	235
Refusjonar	-6 657 673	-6 856 400	199
Overføringar	-1 423 550	0	-1 424
Finansinntekter/transaksjonar	-560 000	-560 000	0
Sum barnehage	2 784 722	2 755 768	29

6.6.6 Resultatindikatorar for barnehagane i Lom

	Lom 2007	Lom 2008	Lom 2009	Skjåk 2009	Vågå 2009	Komm.- gruppe 2009	Oppland 2009	Heile landet 2009
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	12 971	23 095	31 600	27 048	36 164	18 751	15 807	15 798
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	83 123	110 796	124 330	123 356	141 734	124 095	125 142	132 795
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert opphaldstime (kr)	37	49	55	52	58	47	47	45
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	77,7	84,1	85,8	87,6	86,8	88,1	89,1	89,2
Andel barn 0-5 år med barnehageplass	71,1	72	72	76,2	74,8	74,9	75,3	75,2
Andel tilsette med førskulelærerutdanning	39,4	35,3	39,5	37,1	36,5	31,3	31,7	33
Andel tilsette med anna pedagogisk utdanning	6,1	2,9	2,6	2,9	1,6	4,6	4,4	3,4
Andel assistentar med førskulelærerutd, fagutd, eller anna pedagogisk utdanning	61,9	61,9	76,2	46,7	42,4	32,9	33,6	25,9

6.6.7 Nøkkeltal for området

	2005	2006	2007	2008	2009
<u>Loar barnehage:</u>					
Talet på avdelingar	5	5	5	5	5
Talet på årsverk, pedagogar	6,0	6,0	6,0	6,2	6,0
Talet på årsverk, fagarbeidarar	8,3	8,3	12,4	7,8	10,8
Talet på årsverk, ufaglærte	1,0	1,0	1,0	4,6	0,8
Talet på årsverk, spesialpedagogar				0,5	0,5
Sum talet på årsverk	15,3	15,3	19,4	19,1	18,1
Talet på barn under 3 år	24	21	21	21	15
Talet på barn over 3 år	62	62	69	65	65
Sum talet på barn	86	83	90	86	80
<u>Odda barnehage:</u>					
Talet på avdelingar				1	1
Talet på årsverk, pedagogar				1	1
Talet på årsverk, faglærte				0,6	0,93
Sum talet på årsverk				1,6	1,93
Talet på barn under 3 år				0	2
Talet på barn over 3 år				6	5
Sum talet på barn				6	7

6.6.8 Kommenterar til avvik

- Avvik på lønsutgifter i forhold til budsjett kan forklarast med at auka rammer som barnehagen fekk for 2009 har stått i budsjettet som bruk av disposisjonsfond. Desse midlane har vore brukt til løn, og skulle vore fordelt på lønsbudsjettet.
- Underforbruk på teneste 2110, spesialundervisning: Spesialpedagogen i barnehagen sa opp, og stillinga sto ledig i fleire månader før det vart tilsett ny. (frå nytt barnehageår etter vurdering)
- Barnehagen fekk tildelt midler til prosjekt for oppgradering av uteområdet i juni. Ført i rekneskap og budsjett som kjøp av teneste frå private.

6.7 Oversikt frå Miljø, teknisk og næring

6.7.1 Hovudoppgåver

Tenesteområdet har ansvar for arealplanarbeid, miljø- og naturforvaltning, næringsutvikling, landbruksforvaltning, tekniske tenester, vaktmeistertenesta, reinhald, byggesaksbehandling, kart- og

geodataforvaltning, generell beredskap og forebygging mot naturskadar og ulykker. Utviklingsprosjektet "Liv i Lom" ligg også under tenesteområdet.

6.7.2 Kommenterar til utviklingstrekk

- Lom kjøpte i 2009 jordbruksfaglege tenester frå Skjåk kommune for å dekkje opp vakanse i jordbrukssjefsstillinga i delar av året. Silke Hansen vart tilsett som ny jordbrukssjef, og tok til i stillinga frå 1. oktober. Grunna avvikling av omsorgspermisjon vil ein også kjøpe tenester på området jordbruk i 2010.
- Arbeidet med utarbeiding av digitale gardskart vart fullført våren 2009. Utarbeidinga har skjedd etter eit samarbeid mellom Norsk Institutt for Skog og Landskap og kommunen. For første gong vart gardskarta brukt som grunnlag for utbetaling av produksjonstilskot ved søknadsomgangen hausten 2009. Dei digitale gardskarta skal forenkla prosessen med forvaltninga av dei statlege tilskotordningane og gje ei betre oversikt over produksjonsgrunnlaget for jordbruket.
- Ingen var tilsett i stillinga som tenesteleiar til Øyvind Pedersen tok til i stillinga 1. juli. Pedersen har sagt opp, og sluttar i mars 2010. Det blir arbeid med rekruttering av ny tenesteleiar.
- Naturmangfaldslova blei gjeldande frå 19.09.2009. Lova gir reglar om berekraftig bruk og vern av naturen, og forsterkar kommunane sitt ansvar for å innarbeide og ta omsyn til viktige område for biologisk mangfald i si fysiske planlegging og arealpolitikk. Reglane om områdevern (nasjonalparker, landskapsvernområde og naturreservat) i naturvernloven av 1970, er vidareført i den nye naturmangfaldlova. Det etablerast i den nye lova m.a. klare mål for områdevern, krav om forvaltningsplanar for store verneområde og økte midlar til skjøtsel. Naturmangfaldlova innfører også betre erstatningsreglar for grunneigarar og rettshavarar enn i dag.
- Breheimen nasjonalpark var den første nasjonalparken som vart vedteken etter den nye naturmangfaldslova ved kongeleg resolusjon av 07.08.2009. Den nye nasjonalparken ligg i kommunane Skjåk og Lom i Oppland og i Luster i Sogn og Fjordane. I tilknytning til nasjonalparken vart det oppretta fem landskapsvernområde: Strynefjellet, Mysubytta, Høydalen, Mørkridsdalen og Vigdalen. I tillegg vart Høyrokampen naturreservat oppretta i Lom. Verneplanen omfattar til saman nesten 1794 km², der 270 km² ligg i Lom (dvs. 15%).
- Arbeidet med "Kommunedelplan for avlaup" vil bli slutført i 2010.
- Arbeidet med tildeling av offisielle vegadresser vart starta opp i 2009, og vil bli slutført i 2010. Alle vegar i kommunen er tildelt offisielt vegnamn, og vil bli skilta. Alle bustadar, gardsbruk, verksemder, offentlege bygg, fritidsbustadar m.m. vil få tildelt offisielt husnummer.
- Arbeidet med utarbeiding av digitalt kartverk for kommunale vatn- og leidningsnett og registreringar av alle kummar m.m. er godt i gang, og arbeidet vil bli vidareført i 2010.
- Trafikksikringsplan for perioden 2008-2013 vart vedteken i kommunestyret 21.01.09.
- Risiko- og sårbarheitsanalyse for Lom og Skjåk, vart utarbeidd i 2009, og vil bli lagt fram for vedtak i kommunestyra i 2010.
- Det vart gjort vedtak om oppretting av eiga ordning med teknisk vakt for Lom i 2009, med iverksetting frå nyttår 2010. Tidlegare dekkja den felles brannvakta med Skjåk også teknisk vakt for Lom. Den nye ordninga er meir omfattande, og vil dekkje alle kommunaltekniske anlegg og heile den kommunale bygningsmasse, inkludert innbrotsalarmar. Det er opna for at tilsvarande anlegg i Skjåk etter kvart kan bli tilknytt ordninga.
- Etableraroppfølging, inspirasjonskveldar for nyetablerarar og bedrifter (i samarbeid med Vågå) og undervisning i



Øyvind Pedersen er leiar for tenesteområdet Miljø, teknisk og næring

entreprenørskap i ungdomsskulen, har vore element i det generelle arbeidet med næringsutvikling i kommunen. Landbruks- og matminister Lars Peder Brekk opna Matruta på Nasjonal turistveg Sognefjellet i juni.

- Aktiviteten i utviklingsprosjektet "Liv i Lom" har vore stor. 2009 var første ordinære driftsår. Det var tilsett ideutviklar i mars, som i tillegg til nærings sjefen er drivande i prosjektarbeidet. Av aktivitetar i prosjektet i 2009 kan nemnast: Opprusting og skilting av Bergomsrunda

6.7.3 Utfordringar framover

- Landbruksforvaltninga i kommunen er pressa i form av avgrensa personalressursar i høve til oppgåvetilfanget. På oppdrag frå kommunestyret vart det utgreia moglege samarbeid med nabokommunar om landbrukskontor. Behandlinga i kommunestyret 16.12.09 gav som resultat at kommunen inntil vidare opprettheld eige landbrukskontor, og at Lom kommune tek initiativ til ein regional prosess der ein ser nærare på moglegheitene for å etablere eit tettare og meir forpliktande samarbeid om landbruks- og næringsutvikling.
- Tenesteeininga har fått nye arbeidsoppgåver i samband med forvaltninga av dei nye nasjonalparkane. Reinheimen blir forvalta etter ein lokal modell der kvar kommune er forvaltningsmyndigheit for sine areal innanfor verneområda, og der ein har eit kontaktutval som overbygging. For Breheimen er det lagt opp til ein interkommunal forvaltningsmodell der også fylkeskommunane og Skjåk allmenning er representerte. Endeleg avklaringar om forvaltninga av Breheimen er venta gjort i første halvår 2010. Det er ei utfordring for tenesteeininga å følgje opp arbeidet med nasjonalparkforvaltninga i form av personalressursar.
- Arbeidet med utarbeiding av energi- og klimaplan for Lom vil bli slutført i 2010. Utfordringa framover vil ligge i å sette tiltaka i planen ut i livet.
- Ei karakterisering av alle vassførekomstar i kommunen skal gjennomførast i 2010-11. Arbeidet skjer i regi av Vassdragsforbundet og Fylkesmannen, og med kommunen som viktige bidragsytar. I følgje "Vannforskriften" skal alt norsk vatn ha minimum god økologisk og kjemisk tilstand, vurdert ut frå fastsette krav nedfelt i EUs vassrammedirektiv. Vassdraga i Lom kjem inn under arbeidet med forvaltningsplanen for "Vannområde Mjøsa".
- Store utbyggingsprosjekt som renovering av reinseanlegga i Garmo og på Galdesand, utbygging av brann- og fjellredningsstasjon og bygging av fleirbrukshall, skal gjennomførast i kommunal regi dei næraste åra. Det vil vere utfordrande å gjennomføre dette arbeidet ved sidan av dei ordinære oppgåvene ved eininga.
- Auka bygningsmasse og vedlikehaldsbehov, skapar utfordringar for vaktmeistertenesta og reinhaldspersonalet. Det er behov for evaluering av reinhaldstenesta i forhold til areal og standard.
- Ny planlov stiller auka krav til utarbeiding av arealplanar. For å møte dei nye krava og etterslep i forhold til vedteke arealplanprogram, er det naudsynt med prioritering av ressursar til arealplanarbeidet i kommunen.
- Iverksettinga av matrikkellova frå årsskiftet 2010 stiller auka krav og pålegg kommunen nye oppgåver i samband med oppmålingsforretningar og utarbeiding og tinglysing av matrikkelbrev.
